



Norsk Saneringservice AS  
Østensjøveien 15D  
0661 OSLO

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/1425 - 20/4769

Saksbehandlar:  
Knut Bjørnevoll  
knut.bjornevoll@alver.kommune.no

Dato:  
28.01.2020

## Løyve til riving av bygningar - gbnr 127/101 Mongstad

### Administrativt vedtak. Saknr: 081/20

**Tiltakshavar:** Storemyra 271 AS  
**Ansvarleg søkjar:** Norsk Saneringservice AS  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett.

### VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve i eitt trinn for riving av 3 stk industribygg på følgjande vilkår:

- Fråkopling av frå kommunalt vatn og avløp skal utførast av godkjent røyrleggar som skal melda arbeidet til kommunen.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgjande ligge føre:

- Sluttrapport med dokumentasjon for levert avfall skal leggjast ved søknaden.

### Tiltak

Saka gjeld søknad om riving av 3 stk industribygg med samla bygd areal (BYA) ca. 1.450 m<sup>2</sup>.

Det vert elles vist til søknad motteken 08.01.2020 .

### Saksbehandlingsfrist

Søknaden var komplett og klar for behandling den 08.01.2020 og frist for saksbehandling er 3veker frå denne dato.

### Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område *Mongstad næringspark* (tidl. *Mongstad industriområde, delar av*) og arealføremålet er næring.

### Nabovarsel

Tiltaket er ikkje nabovarsla.

### Plassering

Situasjonsplanen viser dei tre bygningane som skal rivast.

### Ortofoto



### Vatn og avløp (VA)

skal koplatt frå og kommunen si Avdeling for veg , vatn og avløp skal ha melding.

### Avfallsplan

Tiltaket har krav til avfallsplan.

Det er krav til skildring av miljøsanering for tiltaket.

Alt avfall skal leverast som næringsavfall til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

### Privatrettslege tilhøve

Fullmakt til tiltakshavar frå heimelshavar er vedlagt.

## Tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

## Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nytta rettleiing frå Fylkesmannen. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

## Regelverk

- Tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1 er søknadspliktig etter § 20-2. Dette tiltaket set krav om ansvarleg søkjar, jf. pbl § 20-3.
- Dispensasjon er søknadspliktig etter pbl § 19-1.
- Kommunen sine fristar for behandling av søknad etter pbl følgjer av pbl § 21-7.
- Søknad om tiltak etter plan- og bygningslova skal nabovarlast i samsvar med pbl § 21-3.
- Alle eigedomar må ha lovleg tilgang til vatn og avlaup etter pbl §§ 27-1 og 27-2.
- Alle eigedomar må ha sikra tilkomst til offentleg veg etter pbl § 27-4.
- Tiltak etter pbl skal utformast i samsvar med pbl §§ 29-2, jf. 29-1.
- Kommunen skal godkjenne plassering av tiltaket, jf. pbl § 29-4.
- Tiltak etter pbl skal oppførast i samsvar med byggtknisk forskrift (TEK), jf. pbl § 29-5, med mindre det er gitt fritak etter søknad, med grunnlag i pbl § 31-2.
- Tiltaket krev avfallsplan etter TEK § 9-6.
- Tiltaket krev skildring av miljøsanering etter TEK § 9-7.
- Kommunen kan gi dispensasjon viss vilkåra i pbl § 19-2 andre ledd er oppfylt, men bør ikkje gi dispensasjon viss ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden.
- Det kan setjast vilkår for ein dispensasjon, jf. pbl § 19-2 andre ledd, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.
- Kommunen skal ikkje ta stilling til privatrettslege tilhøve ved behandling av byggesøknaden, jf. pbl § 21-6.
- Ved behandling av søknaden skal kommunen vurdere søknaden opp mot prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova.

## Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

## Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

## Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 20/1425

### Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at rivingsarbeidet vert utført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

### Bortfall av løyve

Om rivingsarbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

### Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

### Mellombels bruksløyve/Ferdigattest

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1..

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar Plan og byggesak

Knut Bjørnevoll  
Saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Kopi til:

Norsk Saneringservice AS	Østensjøveien 15D	0661	OSLO
Storemyra 271 AS	v/ Mongstad Eiendomsselska p Storemyra 162	5954	MONGSTAD
Storemyra 271 AS	v/ Mongstad Eiendomsselska p Storemyra 162	5954	MONGSTAD

### Mottakarar:

Norsk Saneringservice AS	Østensjøveien	0661	OSLO
--------------------------	---------------	------	------

**Mottakarar:**

15D